



Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16

6823 SANDANE

Gjeld nytt administrasjons- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum. Oppfølging.

Vi viser til innmeldt investeringsbehov for Sunnfjord Museum, datert 19.03.2019. Prosjektet er eitt av fleire som Musea i Sogn og Fjordane har i arbeid.

Vi viser til vedlagte notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet sitt møte 8.april 2019 der vi har laga ei oppsummering av det vi så langt kunne lese ut av dei ulike prosjektsøknadane. Vi viser også til fylkestinget sitt vedtak av 24.april 2019, særleg punkt 2 og 4 som har følgjande formulering:

- «2. *Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.*
4. *Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meiner fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.»*

I brev av 19.03.2019 legg MiSF opp til å ha eit skisseprosjekt for utbygginga ved Sunnfjord Museum klart tidleg 2020. Med tanke på vidare oppfølging i fylkeskommunen, m.a. også avtalt møte 16.mai 2019, ber vi om ei oppdatering på framdrift og status i høve MiSF sitt arbeid med å konkretisere arbeidet med oppgradering og utbygging ved Sunnfjord Museum.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Notat til fylkesutvalet 8.april frå fylkesrådmannen.

Mottakar (ar)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE

Kopi til:

Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Hovudutval for næring og kultur